

# Bygdeblad

August—2011

Bygdesentralen /Frivilligsentralen

---



Tlf. 35024868 mob 48237791  
bygdesentralen@hjartdalsbygda.no  
www.hjartdalsbygda.no

## Innhald:

Val

Kulturlandskapss.

Pensjonistlag

Kurs

Slåttefestivalen

Hjartdal drivstoff

Formiddagstreff

Jegerkurs

Bibliotek

Møtekalender

Hjartdal IL.

Misjonshuset.



## **Turistinformasjon!**

Bygdesentralen/frivilligsentralen har i år hatt ansvar for turistinformasjon. Sommaren i år har vore regnfull, og turistinformasjonen har hatt stille periodar.

Tor Sveinung og Andreas har tatt godt imot dei turistane som har vore innom. Dei har gjeve flott omtale av bygda og heile kommunen.



Blomane langs vegen har blitt positivt mottekne, men straumen av turistar har uteblitt.

## **Kommuneval 2011!**

*Bruk stemmeretten din!*

**Treng du skyss til val-lokalet, "Bergtun"  
ring**

**Frivilligsentralen tlf 35024868 eller**

**Mob:48237791.**

## Aktuelle oppdrag og aktiviteter:

- ⊗ Gjekk i vår saman med **Norsk Kulturarv** og **Slåttefestivalen** om ein ny søknad til Landbruksdepartementet om midlar til ulike **pedagogiske opplegg om kulturlandskap**, med vekt på kunnskapsoverføring mellom generasjonane. Søknaden ligg enno til handsaming.
- ⊗ Samarbeid med **Nordisk Kulturlandskapsforbund** om årsmøte og seminar i Telemark 16. juni – 19. juni 2011, m.a. med innlagt besøk på Slåttefestivalen. Blir fylgd opp med omtaler utover hausten på aktuelle nettsider og i årbok ved årskiftet m.m.
- ⊗ Samarbeid med Nordisk Kulturlandskapsforbund og Norsk Kulturarv om oppretting av nordisk nettside om kulturlandskap.
- ⊗ Handlingsplan for slåtteenger på oppdrag for Direktoratet for Naturforvaltning og Fylkesmannen.
- ⊗ Diverse planarbeid i Telemark, Buskerud og Vestfold (med Ragnhild Bjåen, Karoline Hartviksen og Kristina Kjørmo i aksjon).
- ⊗ Forvaltingsplan Hjartdal-Svartdal. Samle og tilgjengeleggjera aktuell informasjon.
- ⊗ Koordinering/søknadsarbeid for **Sogelandet**.
- ⊗ Diverse kulturopplegg for skule og barnehage.

*Ingvill Marit Buen Garnås*

Tlf: 971 87 758 alle vekedagar utom torsdag

[www.kulturlandskapsenteret.no](http://www.kulturlandskapsenteret.no)



# Hjartdal pensjonistlag

Hjartdal pensjonistlag ynskjer velkommen til møte:

Tysdag 30 aug. Møte på Betel kl. 12,00

Tysdag 20 sept. Møte på Betel kl. 12,00

Torhild M. Skårdal fortel og viser bilete frå ein barneheim i Kenya

Laurdag 1 okt. ” Eldredag i Tuddal”

Tysdag 18 okt. Møte på Betel kl. 12,00

”Enklere Liv ”. Tone Skoglid demonstrerar

Tysdag 15 nov. Møte

Desember. Jolemiddag

Vi ynskjer alle velkommen til samlingane!

## Bilførar 65 +

Hjartdal pensjonistlag minner om kurs i bilkjøring. Dette er eit oppfriskingskurs for bilførarar som har kjørt nokre år.

Kurset er frivillig. Huks: ingen mistar lappen!

Kurs-start på Notodden:

Torsdag 15/9 kl. 10,00 til 13,00

12 timar (4 gongar à 3 timar)

Påmelding: tlf. 35024924.

# Slåttefestivalen 2011!

Slåttefestivalen i år blei eit positivt arrangement med litt regn og litt sol. Elles var festivalen godt besøkt på dei forskjellige arenaer.

Fredag kveld var det heilt fullt på Bergun med eit kjempefint program.

Ungdoms-arrangementet var også vellykka, som alltid. Takk til Bård, Rolf, Reidar og andre medhjelparar for arbeidet de gjer!

Laurdag ca 60 deltakarar i slåttekonkurransen, bra sal i slåttemarknaden, mange positive menneske i Hjartdal denne dagen.

Laurdag kveld på Prestodden, fullt trykk med musikk og glade menneske. Folket oppførte seg fint, lite å gjere for vaktene.

Til slutt vil styret takke alle som hjelpte til med frivillig arbeid. Utan dugnaden i Hjartdal hadde vi ikkje fått til ein slåttefestival!

Tusen takk til alle!!!!!!!!!!



## **Hjartdal drivstoff**

**Snart er alle godkjenningar av drivstoffanlegget på Bruluten på plass.**

**Alle som har teikna seg for aksjer vil motta eit infobrev når alt er klart.**

**Har du spørsmål, ta kontakt med ein i gruppa.**

**PS. Det vil bli behov for dugnadshjelp på plassen der anlegget skal stå.**

## **Formiddagstreff!**

**Onsdag 14 september startar me opp med treff på sentralen.**

**Me håpar å få ein del aktivitetar utover hausten.**

**Underhaldning:**

**song/musikk, film, konkurransar m.m.**

**Alle er velkomne på treffa utover hausten**

## **Jegerkurs !**

**Jegerkurset vil setjast i gang i januar 2012. Det er Seljord jeger og fiske som har autoriserte lærarar. Dei vil arrangere dette.**

**Eit ynskje frå dei er: kjøp boka som Tore Larson har skrive om emnet! Dei brukar denne boka på kurset.**

**Meld deg gjerne på no, så får vi litt oversikt over kor mange det blir. Har du spørsmål, ring meg. Tlf. 35024868**

Lise

## **Forslag til kurs hausten 2011!**

**Er nokon interessert i nybyrjarkurs i enkel veving?**

**Jegerprøve, 2012**

**Aldringsmåling**

**Toving**

**Bunadsband/ sokkeband, brikkeband, enkel grindeband**

**Har du forslag til andre kurs, ta kontakt med frivilligsentralen. Tlf35024868**

## **Nytt aktivitetssenter på Granvin i Seljord**

**Sterke-Nils senteret har offisiell opning 1. september.**

**Her er trimtilbod kvar dag heile veka for oss alle.**

**Info møte om senteret på frivilligsentralen på Brøøløs,**

**22. sept. Kl. 12,00**

# Bibliotek!

Biblioteket har ope kvar onsdag frå kl. 16,00 til 19,00. Er det bøker du har lyst til å lese og som ikkje står i hylla, spør Ellen, og ho skaffar dei.

Har du bøker som skulle vore levert, kan du også levere dei inn til frivilligsentralen når den er open. Frivilligsentralen kan også låne ut bøker i si opningtid.

**Biblioteket har fått ein del nye bøker som hovudbiblioteket skulle kassere. Kjente forfattarar og kjente titlar .**

**Ta turen innom biblioteket på onsdagar frå kl.16,00 til kl.19,00**

**Dess fleire som låner bøker,  
dess lengre får vi behalde biblioteket i bygda!**



## MISJONSHUSET

Fredag 23.09 kl 19.30 **Songkveld.**

## Normisjonens venner

Månd.04.09 kl 19.30 møte hos Bjørg Aamaas

## Søndagsskulen

søndag 25.09 oppstart (ute)



---

---

## **Møtekalender!**

---

---

Formiddagstreff startar opp 14/9 kl. 11,00 bygdesentralen

---

---

Dugnad på bygdesentralen onsdag 14/9 frå kl. 16,00

---

---

Hil. Tur 18/9 sjå annonse

---

---

Styremøte HTB 19/9 kl.19,30 bygdesentralen

---

---

Pensjonistlag møte 20/9 kl. 12,00 Betel

---

---

Hil. Tur 25/9 sjå annonse

---

---

Pensjonistlag møte 1/10 Eldredag i Tuddal

---

---

Hil. Høsttur 2/10 sjå annonse

---

---

Pensjonistlag møte 18/10 kl. 12,00 Betel

---

---

Styremøte HTB 24/10 kl. 19,30 bygdesentralen

---

---

Høstfest Bergtun 5/11 meir info seinare

---

---

Pensjonistlag møte 15/11

---

---

Styremøte HTB 21/11 kl 19,30 Bygdesentralen

---

---

Verdensdagen psykisk helse 6/10 Sauland skule

---

---

# Hjartdal IL

## Idrettsdagen

Det var en fin idrettsdag på Bergtun 28.8, men dessverre lite oppmøte. HIL kan bare beklage det og oppfordre både barn og unge til å hive seg på kveldsmulighetene til å ta idrettsmerke som blir arrangert noen kvelder, følg med på annonser og hjartdalil.no, eller ring Olav Tho og avtal opplegg. Idrettsdagen er ment som en sosial og aktiv bygdedag med fokus på friidrettsaktiviteter i en uhytidelig form, det serveres god mat og gir en mulighet for å prøve "gamle" kunster. Bli med å ta idrettsmerke og vær et aktivt forbilde for de yngre! ☺

## Idrettmerkedag: mandag 6. sept. og mandag 9. sept. (Bergtun)

### Trening med HIL i høst

Det skjer mye. Inntil innetrim starter opp, oppfordrer vi alle til turer i terrenget.

Mye av det som foregår i idrettslaget er gratis, dvs dekket av medlemsavgiften. Vi oppfordrer derfor ALLE til å sjekke sitt medlemskap! 100 kr betales pr familiemedlem uansett alder, til 2699 07 03336, merk innmelding med navn og fødselsår. Dette gjelder også forsikring på aktivitet.

### Barnetrimmen

Starter onsdag 28.9

1.-4.klasse kl 1730-1830

5.-7.klasse kl 1830-1930

Ansvarlig Hanne Lofthus, med assistenter.

Går fram til nov/des med felles avslutning. Kriteriet for å være med er at du er medlem av idrettslaget.

### Voksentrimmen

Starter onsdag 28.9 kl 1930-2100

Ansvarlig Kirsti Holm med vikarer.

Variert styrke- og spenst-trening for alle aldre. Også de unge som er treningsmotiverte. Må være medlem av Hil.

### Ungdomstrim.

Her vil gjerne HIL tilby en attraktiv aktivitet/trening, men styret ønsker innspill fra ungdommene selv på hva dette kan være. Elisabeth Lid kaller inn aldersgruppen 8.klasse og oppover til en idékveld både for trening og for annen aktivitet på Bergtun. Følg med på nettsiden og facebook.

## **Høsttur**

Det blir fjelltur med HIL søndag 2.oktober. Turmål legges opp i forhold til elgjakt, annonse kommer, samt hjartdalil.no og facebook. 3.juli var vi 30 blide deltagere til Li-bekkskaret. Blir vi flere?

## **Yoga kurs**

Det blir yoga introduksjonskurs på Bergtun tirsdag, etter høstferien, kl 20.00, dvs fra 18.oktober og 8 kvelder framover. Passer for alle som ønsker å strekke og tøye seg litt, ikke skummelt! Vi får instruktør fra Notodden. Treningsavgift. Min 10 pers. Mer info senere. Påmelding innen 1.10 til Ruth G Haug, 91 39 20 67.

## **Zumba**

Det blir Zumba på Bergtun torsdager kl 20.00 som før , men trolig med instruktør. Oppstart 20.oktober. Påmelding innen 1.10 til Hilde Dahl, 90 18 62 34

## **Søndagssturer**

Som et supplement til fjellturen, ønsker HIL at alle kan bli bedre kjent i eget nærområde og få drahjelp til "dørstokkmila". Vi inviterer til 4 kortere søndagsturer med fokus på stier og kulturminner i bygda, for barn, ungdom og voksne. Det blir oppmøte etter kirketid, og turene er tenkt i rolig tempo, med kaffe og bål underveis, ca to timer, og med historier underveis.

Første tur er

Søndag 18.9 Bekkhusaugen-Bubrekke på den gamle stulsvegen, i hovedsak skogssti. Kjentfolk på turen er Jon og Ragnhild Bekkhus. Oppmøte ved Århusbro kl 13.00.

Søndag 25.9 Tippen-Øverbø. Kjentfolk på turen er Helene Langåsdaalen. Oppmøte ved Tippen kl 13.00. En lett tur, i hovedsak nedover på traktorvei. NB- følg med på oppmøte-sted i forhold til jakt!

Høstfest på Bergtun 5.november. Mer info senere.

Følg med på [www.hjartdalil.no](http://www.hjartdalil.no) og facebook, og Telen ☺

Det blir nok også dugnader i både skiløyper og rundt Bergtun, i tillegg til at Reidar er i gang med sine Dyrsku-lister, si JA om du kan!

## **Med hilsen fra HIL v/ Styret**

## Notodden frivilligsentral!

Notodden har fått sin eigen frivilligsentral. Notodden kommune er eigar.

Hjartdal frivilligsentral håpar me kan få eit godt samarbeid med dei. Me ynskjer dei velkommen i nettverksgruppa for Telemark!

## Seljord frivilligsentral

**Seljord Frivilligsentral flyt inn i nye store lokaler i Telebygget på Brøløs.**

**Her blir det aktivitetar fleire dagar kvar veke og Telegrafan Cafè.**

## Hjartdal frivilligsentral

**Ynskjer du å bli ein frivillig, som besøks-venn, eller andre ting du kan hjelpe med?**

**Tlf. 35024868**